

Ville stoppe fylkessoga

Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie, 2014



(Foto: Bård Siem)

At «tyskartøsene» vart putta i fengsel og stempla som prostituerte rett etter krigen, vart for sterk kost å ta med i fylkessoga om Møre og Romsdal.

Heller ikkje norske sivile og engelske soldatar si plyndring og steling frå butikkane etter bombing skulle med. Det er forfattaren Arnljot Løseth (bildet) som hevdar dette. Volda-historikaren nekta å gje etter for press, og bandet vart difor gjeve ut utan endringar.

Skulle ut av saga

109790

Bård Siem

Her er utdrag frå fylkssoga «Likskap og lagdeling», som i følgje Arnljot Løseth vart kravd omarbeidd eller som skulle takast heilt ut. Dersom ikkje dette vart gjort, skulle fylkessoga stoppast.

Frå kapitlet «Fred»: «Som elles i landet var folkedommen hard og nådelaus mot tyskarjentene. Det var ikkje lovbrøt å ha lege med ein tysk soldat. I Molde vart mange kvinner som berre vart melde for omgang med tyskarar, førte inn i politiet sin justisjournal for straffesaker. Ei var mistenkt som tyskartøs og ei anna sikta som tyskartøs».

Fengsel

«Mange sat i fengsel frå eit par dagar til eit par veker. Men det var lovleg å internere tyskarjentene, anten for at dei skulle få vern mot folk som kunne finne på å ta retten i eigne hender, eller for å hindre sprenging av kjønnsjukdom-

mar. Under «Fritt ord» i Romsdals Budstikke 13. august 1945 vil til dømes ein lesar merkje desse jentene med ein T (tyskarjenter) eller ein P (prostituert). Han avsluttar med ein appell: «Hardast muleg dom over tyskarjentene!»

Plyndring og steling


Frå kapitlet «plyndring og steling»: «Mindre gode eigenskapar kom også fram hos folk under bombinga. På Andalsnes stal norske sivile frå butikkane, og dei engelske soldatane var ikkje likare. Også i Alesund vart butikkar plyndra, og i maidagane måtte fleire personar rykkje ut med annonsar for å avkrefte at dei hadde stole varer frå butikkane etter bombinga. For mange var april dagane 1940 nesten lovause. Alt ditt var mitt, er inntrykket til John Slørdahl frå Kristiansund», heiter det i utdraget frå Arnljot Løseth si fylkessoga.

Uvitande til stopping

Assisterende fylkeskultursjef Nils-Gunnar Solli kjenner ikkje til at det tredje bandet av fylkessoga vart forsøkt stoppa.

Solli var tilstades på eitt av møta prosjektnemnda hadde saman med forfattaren.

— Eg vart raskt merksam på sterk innbyrdes usemje i nemnda og mellom delar av nemnda og forfattaren. Men eg har ikkje kjennskap til at saga vart forsøkt stoppa. Møre og Romsdal fylkeskommune peika ut ei nemnd som var rådgjevande for forfattaren og det faglege miljøet i Volda. Vi tar ikkje stilling til den faglege usemja, seier Solli til Sunnmørsposten.



— Eg kjenner ikkje til at enkelte ville stoppe soge-utgjevinga, seier assisterende fylkeskultursjef Nils-Gunnar Solli.